



## Til alle laga i Hordaland valkrins

Nominasjonsnemnda i Hordaland valkrins  
v/Oddny Miljeteig, St. Torfinns veg 18  
5052 Bergen

Tøsse 5. november 2020

Her finn de vedlagt utkast til valliste for stortingsvalet 2021. Nominasjonsnemnda har brukt tid for å finpussa på lista, og summa summarum er vi nokre dagar etter 1. november. Vi håpar de vil bera over med oss og at de likevel får god tid på dykk.

**Vi ber om å få innspel på dette utkastet innan 15. desember**, så skal vi leggja fram vår endelege innstilling for laga 6. januar. Då skal de ha bra tid før nominasjonsmøtet som er 14. februar.

Om arbeidet med lista:

Nominasjonsnemnda har bede om forslag frå lokallaga i epostbrev – og rett og slett «masa» for å vera sikre på at vi hadde nok forslag til å ha legitimt grunnlag for å laga utkast til liste. Til sjunde og sist har vi hatt mange og gode framlegg frå lag og einskildmedlemer til at vi trygt legg fram forslaget vårt.

Som mange av dykk vil kjenna til, er det endelaust med omsyn som skal takast når ei liste skal komponerast. Kandidatane skal ha brei tillit, og dei skal samla reflektera prioriteringane til laga i valkrinsen. Kandidatane skal stå på programmet vårt. Nominasjonsnemnda har vore nøye med å spørja etter dette hos alle vi har intervjuat. Vi kan trygt slå fast at dei som står i forslaget vårt, dei er lojale til program og SVs politikk.

Eit feministisk parti skal ha kvinner godt synlege, høgt oppe og gjerne fleire kvinner enn menn på lista. Vårt forslag oppfyller alt dette. Dessutan er den mannlige fyrstekandidaten vår uttalt og heilhuga feminist – som våre mannlige kameratar elles på listeforslaget.

Partileieren har fått fyrstepllassen på listeforslaget. Det er ei ære for SV valkrins Hordaland at Audun Lysbakken vil stå på vår liste. Som partileiar og stortingsrepresentant for Hordaland har Audun styrkt partiet i prosent og røyster. Han legg alltid vinn på å vera vår kandidat i tillegg til å ha eit landsansvar for heile partiet.



Ved dette valet tek SV sikte på både å få minst ei hand med i styringa av landet frå Storting og regjering. Talknusarane våre meiner at sjansane for eit direktemandat nummer to absolutt er til stades – og endå meir eit utjamningsmandat. Det betyr at alle våre tre øvste kandidatar må vera budde på å vera med i regjering/på Stortinget dei neste tre åra.

Nominasjonsnemnda er svært glade for at Sara Bell og Camilla Ahamath har sagt seg viljuge til å stå på høvesvis plass to og tre.

Med Sara Bell har vi på 2. plass ei av dei absolutt fremste og motigaste fagforeiningstillitsvalde i Fagforbundet, i Bergen, Vestland og endå vidare. Ho er den i Fagforbundet som har vore heilt fremst i kampen mot velferdsprofitørane, her lokalt og faktisk på landsplan. Det betyr mykje for SV si fagforeningspolitiske nasjonale tyngde å ha Sara med i toppen på stortingsvallista i Vestland. Den partipolitiske røynsla hennar er botnsolid, mellom anna som leiar i Bergen SV. Sara Bell sitt namn er vel kjent og respektert i viktige radikale miljø og kvinnekjønnspolitiske miljø kringom i landet. Hennar faglege og politiske blikk famnar slik sett både landet og det internasjonale.

Camilla Ahamath har kome som ei heilt særeigen kraft inn i SV. På kort tid har ho fått tillit som bystyrerepresentant for Bergen SV, ho har vorte politisk leiar i Vestland SV, ho har vorte vald inn i SV-landsstyret - og no foreslår ei samrøystes nominasjonsnemnd henne til 3. plassen på stortingslista. Camilla si røyst mot rasisme og integrering er både motig, kunnskapsbasert og røynd på kroppen. Kven hugsar ikkje den spontane innsamlinga hennar til Legar uten grenser, den ho stoppa på 17 (?) millionar? Eller kampen ho tok for retten til til å ha på seg bunad på 17. mai?

Det fell for langt å omtala særskilt alle dei som har sagt ja og som står på lista de no har framfor dykk. Heldigvis har kvar og ei/n laga ein pitte liten omtale av seg sjølv. Sistepllassen må vi likevel nemna: Vi bryt med all tradisjon om æresplass for ein veteran. I staden lanserer vi Hilde Maria Boberg Andresen, teiknspråkforkjempar og aktivistisk leiar for Bergen SV på 22. plass.

Vi skuldar å gjera merksame på at vi har i særklasse mange gode kandidatar i Hordaland valkrins. Vi skulle ha hatt plass for minst ti til, og sjølv det kunne ha halde hardt! Vi har prøvd å plassera kandidatar frå alle område av valkrinsen slik at alle veljarar skal kjenna seg att i ein kandidat frå ein nær kommune når ein ikkje finn folk frå sin eigen.

Nominasjonskomiteen er takksame for det viktige oppdraget vi fekk frå årsmøtet i Vestland SV. Vi har ikkje teke enkelt på det, og vi vonar forslaget vårt ber preg av at vi



har gjort vårt beste på ære og samvit. Koronasituasjonen har gjort prosessen vanskelegare enn vanleg når så lite av livet i fylkeslagskrinsen vår går føre seg i det levande livet og så mykje over nettet utan høve til samtalar og prosessar i små og store fora. Det kan ikkje vi, ikkje vi heller, gjera noko med.

Med dette sagt slepper vi listeforslaget ut i verda til laga. No er det dykkar tur å sjå på det med dykkar augo. Vi ynskjer lukke til!

Kameratsleg helsing for nominasjonsnemnda

Oddny I. Miljeteig (leiar)

Dei andre i nemnda: Hege Bjørnør (Bjørnafjorden), Nils Magne Blålid (Stord), Steinar Nørstebø (Bergen), Dina Serine Owren (Vestland Sosialistisk Ungdom)

Forslag vert å senda til leiaren for nemnda. Alle nemndsmedlemene kan kontaktast om det meste som har med nominasjonen å gjera.

Oddny Miljeteig, leiar (Bergen SV) oddny@rormark.com, 91613471

Steinar Nørstebø (Bergen SV) steinar.norstebo@sv.no, 95211513

Nils Magne Blålid (Stord SV) nilsmagne.blaalid@gmail.com, 47314600

Hege Bjørnør (Bjørnafjorden SV) hegebjornor@gmail.com, 47096812

Dina Serine Owren (Vestland SU) dina.owren@gmail.com, 46676246